Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Fjell

Emne: Skav

Bygdelag: Nessjøen

Oppskr. av: Hans O. Nordvik

Gard: Nordvik

(adresse): Nessjöen

G.nr. 4 Br.nr. 4

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. E. R.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1.
Ja, og her heiter det hjelpefor.

2. Skav er ikkje nytta her no, og beit og brom er ukjende hjelpefor.

For omlag 30-40 år sidan var her nytta aldri so lite skav på dei gardsbruk, som hadde busk (liar) på garden å hogga av, men det var dei færraste. Av den grunn vart det berre noko lite, so det er mest ikkje nemnande.

3. Me böyer ordet skav soleis.
Fortid: skov. notid skjev. og framt. skava.

Det hjelpefor som for det meste er nytta her er lyng, og det har det vore so langt attende i tida, som folk no minnest.

Far fortel, at når vårknipa kom so var det vanleg skikk at både bestemor og dei andre

1040

koner her på Nordvik löyste kyrene or floren, og jagde dei i lyng-marka. Der måtte kyrene vera til dei hadde ete seg mette av lyng.

Det hende og (tidleg på våren) at snöfennene var so store i markavegen, at kvinnfolka måtte ganga före kyrna, og bröyte veg åt dei. (mannfolka fiska)

Dette var kring 1860–1880 åra. Seinare har det vore slik, at folket har skore lyngen med sigd, stappa han i korger (kjiper) og sekker, og börå han heim på ryggen.

Sameleis vert det gjordt enno, år om anna, når det er kalde og lange vårar, med lite höy i löo! — Men for det meste er folket no slutta med å skjera lyng. Det löner seg inkje.

Tare var og mykje nytta som hjelpefor før, men det får eg skriva om, når emnet vert om tare.

1040

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING